



BARNEOMBODET

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
19/00774-3

Saksbehandlar:
Morten Hendis

Dato:
16. desember 2019

Høyring om tvangsbegrensningslova - forslag til felles reglar om tvang og inngrep utan samtykkje i helse og omsorgstenesta

Vi viser til brevet frå Helse og omsorgsdepartementet 20. juni 2019 med vedlagt NOU 2019: 14 «Tvangsbegrensningsloven – forslag til felles regler om tvang og inngrep uten samtykke i helse og omsorgstjenesten». Barneombudet vil takke for moglegheita til å svare på høyringa.

1. Innleiing

Barneombudet er positiv til at departementet har tatt initiativ til å gå gjennom reglane om bruk av tvang mot barn og unge som tar imot helse- og omsorgstenester. Vi har bedt om ein slik gjennomgang fleire gonger, og om ei betring av rettstryggleiken til barn og unge, mellom anna i psykisk helsevern¹. Arbeidet til utvalet er grundig, men på nokre område er det så detaljrikt og omfattande at det kan vere vanskeleg å følgje resonnementa på tvers av dei ulike kapitla. Særleg gjeld dette drøftingane som handlar om barn og unge.

Utvalet tek opp ei rekkje menneskerettslege utfordringar. Barneombudet meiner at arbeidet til utvalet er eit godt utgangspunkt for å lage gode reglar for korleis ein skal unngå å bruke tvang mot barn. Vi meiner likevel at fleire endringar må til om forslaga skal sikre barnerettane på ein god måte.

Barneombudet er mellom anna positiv til

- at utvalet kjem med forslag om ei plikt til å førebygge tvang, og eit tydeleg mål om at tvang ikkje skal brukast anna enn når det er strengt nødvendig,
- at utvalet ønskjer at alle skal ha ein rett til å få eit tilrettelagd tilbod utan bruk av tvang,
- at all bruk av tvang skal evaluerast saman med den det gjeld i etterkant,

¹ Grenseløs omsorg. Om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern. Barneombudets fagrapport 2015

- at personen det gjeld har rett til å få tilpassa informasjon og til å få medverke, slik at han i størst mogleg grad kan utøve avgjerdskompetansen sin og medverke ved avgjerder som gjeld vedkommande,
- at personen det gjeld får rett til å velje tiltak og måte å gjennomføre dei på, når dette er mogleg.

Barneombodet er mellom anna ikkje nøgd med

- at dei grunnleggjande prinsippa i barnekonvensjonen ikkje er arbeide inn i sjølve lovteksten,
- at det ikkje kjem klart fram i lovforslaget at det beste for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder og korleis ei slik vurdering skal gjerast.
- at lovforslaget har aldersgrenser for høyring av barn,
- at lovforslaget ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til at barn er ei særleg sårbar gruppe og at barn mellom 16 og 18 år handsamast som vaksne,
- at det ikkje er tydeleg i lovforslaget at barn har rett til å klage og at det er utforma eit kontrollsystem på barn sine premisser,
- at lovforslaget ikkje er konkret nok eller gjer god nok rettleiing til dei som skal bruke lova,
- at forholdet mellom rettane til barn og pliktene og rettane til foreldra ikkje er tilstrekkeleg utgreia og avklart,

Vidare i høyringa vil vi komme med nokre prinsipielle synspunkt knytt til forslaga til utvalet. Vi går ikkje gjennom dei einskilde lovforslaga og paragrafane. Vi vil heller rette merksemda mot barn og unge sine særlege behov og deira rettar etter barnekonvensjonen og Grunnlova, som skal ivareta desse særlege behova.

Vi vil også ta opp nokre av dei standpunkta Barneombodet har fremma tidlegare, mellom anna i rapporten «Grenseløs omsorg.»²

2. Menneskerettane og pliktane til staten når ein lagar ei ny lov

2.1. Barnerettane må vere synlege i lova

² Grenseløs omsorg. Om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern. Barneombudets fagrapport 2015

Utvalet drøftar dei fire grunnleggjande prinsippa i barnekonvensjonen, artikkel 2, 3, 6 og 12, og i tillegg artikkel 5, 9, 19 og 20. Barneombodet er positiv til at utvalet drøftar dette så grundig. Vi meiner likevel at denne drøftinga ikkje har hatt tilstrekkeleg innverknad på utforminga av lovforslaget. Vi saknar at utvalet brukar barnekonvensjonen aktivt i vurderingane dei gjer når dei grunnjev sine val. Det er ikkje gitt at omsyna som skal gje barn nødvendig rettssikkerheit er allment kjende blant tilsette i helse og omsorgstenesta. Difor må barnerettane komme tydeleg fram.

Barneombodet ber departementet arbeide inn dei grunnleggjande prinsippa i barnekonvensjonen i sjølve lovteksten, for å klargjere rettane barn har. Det er særleg viktig at barnet sin rett til å bli høyrte (artikkel 12) og det beste for barnet som eit grunnleggjande omsyn i alle saker som vedkjem barn (artikkel 3), blir gjort synleg direkte i lova.

2.2. Barn og unge er ei særleg sårbar gruppe

Tvang er eit alvorleg inngrep i den personlege integriteten. Den europeiske menneskerettsdomstolen har uttalt at barn og unge er ei særleg sårbar gruppe som treng særskilt vern, jfr. artikkel 3 om umenneskeleg behandling. I lovgjevinga er dette omsynet synleggjort ved at både Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon artikkel 19 og 34 har eit særleg vern om den personlege integriteten til barn, og retten dei har til å bli beskytta mot vald. Både i arbeidet med å hindre bruk av tvang, og når tvang vert brukt, må ein ta omsyn til at barn er særleg sårbare. Dei må difor ha eit vern som er sterkare enn vaksne. Barn i psykisk helsevern og barn med utviklingshemming i kommunale tenestetilbod er igjen i ein særleg sårbar situasjon, som krev ekstra vern.

Barneombodet meiner at utvalet, trass i at dei gjer gode vurderingar av barnerettane i utgreiinga, ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til at barn treng særskilt vern. Vi meiner barn sitt behov for særleg vern ved bruk av tvang må komme endå tydelegare fram i lova enn det gjer i forslaga frå utvalet.

2.3. Kontroll med bruk av tvang må tilpassast barn

Menneskerettane krev at staten fører effektiv kontroll med at vilkåra i lova blir følgde i praksis. I artikkel 39 heiter det at rehabilitering av barn «skal finne sted i et miljø som fremmer barnets helse, selvrespekt og verdighet.» Tilbodet skal også vere i tråd med kva som er det beste for barnet, retten til utvikling, retten til ikkje-diskriminering (artikkel 2), og retten til å bli høyrte (artikkel 12). Barnekonvensjonen artikkel 25 krev tilsyn med situasjonen for barn som bor utanfor heimen, mellom anna når dei blir behandla av helsetenestene.

Barneombodet meiner det må førast kontroll med om tilbodet barn får er i tråd med barnekonvensjonen, og at dette må komme klart fram i lova.

Det må og komme tydeleg fram av lova at barn har rett til å klage når dei vert utsett for tvang, og korleis dei kan klage. Det er og viktig at kontroll- og klagesystemet fungerer på barn sine premisser. Blant anna må det vere krav til kompetanse om barn i kontrollorganet,

uansett korleis det blir organisert. Krav om saksbehandlingstid må også vere skjerpa når barn klagar. Slik er det ikkje i det forslaget som nå ligg føre.

2.4. Lova om tvang mot barn må vere konkret og gje god rettleiing

For å kunne gripe inn i den retten til personleg integritet som EMK artikkel 8 vernar, må ein lovheimel vere tilgjengeleg og forståeleg. Slik vil det vere forutsigbart for dei som les lova når dei kan bruke tvang.

Lovforslaget har fleire uklare område som gjer at den er vanskeleg å bruke for fagpersonar i helse- og omsorgstenesta. Nokre av paragrafane ikkje er tilstrekkeleg klare, til dømes § 5-4 om tilbakehald av personar på helseinstitusjon. Det er heller ikkje utforma egne reglar for barn, lovforslaget er utforma felles for barn, unge og vaksne. Reglar som er kompliserte og utydelege, og som ikkje i tilstrekkeleg grad avspeglar barnerettane etter barnekonvensjonen, kan vere ein trussel mot rettstryggleiken til barn og unge.

Vi meiner og at utvalet ikkje går breitt nok inn på dei utfordringane som gjeld barn og unge og bruk av tvang. Vi meiner at utvalet kunne gått lenger med konkrete forslag som gjeld bruk av tvang mot barn og unge, også på andre arenaer enn helse- og omsorgstenestene.

Barneombodet ber difor departementet vurdere å endre utforminga av lovforslaget, slik at barnerettane blir handsama særskilt og tydeleg. Vi tar ikkje stilling til korleis dette skal løysast, men ber departementet greie ut ulike løysingar. Ei løysing kan vere at barn får ei eiga lov om bruk av tvang som gjeld alle arenaer. Eit anna kan vere at dei får egne kapittel i lova som nå er foreslått. Rettane til barn kan også vere å finne i egne paragrafar. Uavhengig av dette, bør reglane om tvang mot barn harmoniserast på tvers av ulike særlover.

3. Forholdet mellom barnerettane og pliktene og rettane til foreldra

Utvalet tek i for liten grad opp problemstillingar knytt til den rettslege stillinga til barn. Barn har dei same generelle rettane som vaksne etter menneskerettskonvensjonar, og etter bestemmingar i Grunnlova. I tillegg har barn særlege rettar etter barnekonvensjonen og Grunnlova § 104. Det sterke individuelle vernet barn har, vert likevel avgrensa av pliktene og rettane til foreldra etter barnekonvensjonen artikkel 5 og artikkel 18, og foreldreansvaret i barnelova.

Barn har i liten grad egne partsrettar, slik at rettane deira vert varetekne gjennom foreldre, føresette eller andre verjer. Barnet er hovudperson i saka, men er likevel normalt ikkje part. Vi meiner at utvalet har vurdert denne komplekse problemstillinga i for liten grad. I dei fleste tilfella vil barnet og foreldra sine interesser vere samanfallande, og ein kan gå ut frå at foreldra varetek kva som er det beste for barnet når dei utøver foreldreansvaret. Slik er det likevel ikkje alltid.

Det er når ein ikkje kan ta for gitt at foreldra vil utøve foreldreansvaret og rolla som rettsleg verje til det beste for barnet, at regelverket vert sett på prøve. I nokre tilfelle vil det vere slik at barnet opplever ting heime som ikkje er greitt. Ei ny undersøking om vald, overgrep og omsorgssvikt blant barn og unge, syner og at berre ein av fem har fortalt nokon i offentleg

teneste om kva dei har opplevd.³ Mange av samtalan Barneombodet har hatt med barn og unge syner same tendens. Barn føler seg ikkje trygge nok til å fortelje tilsette i det offentlege kva dei har vore utsette for. Nokre ungdommar fortel om eit særst vanskeleg forhold til sine føresette, og dei er kritiske til at føresette aleine skal kunne bestemme når helsepersonell kan bruke tvang. Det er inga god løysing at føresette i slike tilfelle har stor rett til å påverke den helsebehandlingen barnet får.

Dette vil igjen reise ei problemstilling som vedkjem at foreldre og føresette kan krevje all informasjon om barnet når barnet er under 16 år. Mange barn i psykisk helsevern opplever det som vanskeleg at føresette får all informasjon, for eksempel om kva barnet har fortalt. Ofte blir barnet heller ikkje informert om at føresette får denne informasjonen. Når det er konflikt mellom barn og føresette, kan denne praksisen hindre ein god dialog mellom barnet og behandlaren om nødvendige tiltak for å hjelpe. Dette verkar direkte inn på moglegheita tenestene har til å hjelpe barnet.

Barneombodet er klar over at reglane om partsinnsyn har sitt utgangspunkt i forvaltningslova, og vi har kommentert på dette i høyringssvaret som vi leverte 1. desember 2019. Vi meiner likevel at utvalet burde greidd ut og vurdert kor stor vekt omsynet til barn, deira rett til å bli beskytta og omsynet til framtidig hjelp bør ha, og korleis dette burde påverke retten føresette har til innsyn.

Barneombodet meiner utvalet burde drøfta og vurdert grundig om lovforslaget i tilstrekkeleg grad varetek retten barn har til å bli beskytta, høyrte og å medverke i eiga sak, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjon artikkel 12 og 19. Utvalet burde ha vurdert om det er behov for lovendringar som balanserer omsynet til barnerettane og rettane til dei føresette på ein betre måte enn i dei lovane som gjeld i dag. I det minste burde vurderinga av korleis omsynet til barnerettane har vore vekta komme sterkare fram i lova og i kommentarane.

4. Reglane om tvang overfor barn og unge bør gjelde opp til 18 år

Utvalet let aldersgrensa på 16 år for å vere myndig i helsespørsmål stå uendra. Dette vil føre til at unge mellom 16 og 18 år blir behandla som vaksne når det kjem til tvang. Vi meiner dette er problematisk. Både FNs barnekonvensjon og den norske barnelova definerer alle opp til 18 år som barn. Menneskerettane føreset at barn blir sett på som særleg sårbare. Dette bør ikkje minst gjelde ved bruk av tvang, som er eit svært inngripande tiltak. Det er difor gode grunnar til at alle opp til 18 år bør behandlast med særleg aktsemd ved bruk av tvang.

Barneombodet ber departementet lausrive tvangsreglane frå reglane om myndighetsalder i helsespørsmål. Departementet må vurdere om det skal innførast særlege reglar om tvang mot barn og unge som skal gjelde for alle opp til 18 år. Vi er klar over at eit slikt forslag gjer at føresette kan ta avgjerder på vegne av barna til dei er 18 år. Det er difor også nødvendig samtidig å avklare rettane til barn og rettane og pliktene til foreldre, slik vi skriv om i kapittel 3. Vi beskriv også dette nærare i pkt. 5.1. b.

³ UEVO undersøkelsen. NKVTS 2019: <https://www.nkvts.no/prosjekt/omfangsundersokelse-om-vold-og-overgrep-mot-barn-og-ungdom-i-norge/>

5. Definisjonen av tvang og nokre andre omgrep i lova

5.1. Definisjonen av tvang

Barneombodet meiner forslaget frå utvalet på definisjon av tvang i § 1-3 er for komplisert når det gjeld bruk av tvang overfor barn og unge.

Vi meiner det bør utarbeidast ein eigen paragraf som handlar om bruk av tvang mot mindreårige under 18 år (eller høgare). Paragrafen må gjere dei særlege omsyna som gjeld for barn og unge synlege og konkrete. Ein slik eigen paragraf bør gjere greie for følgjande:

- a. Dersom ein vel å definere tvang med utgangspunkt i vist eller antatt motstand, må ein ta særleg stilling til korleis dette skal gjerast mot barn. Barn og unge er opplært til å rette seg etter kva vaksne seier. Dagens forslag er derfor ikkje godt nok. Barn og unge treng særskild rettleiing i sitt møte med mogleg bruk av tvang mot dei. Vi viser til at mange barneverninstitusjonar nå snakkar med barnet om korleis dei bør reagere når barnet treng tiltak som kan definerast som tvang.⁴ Barneombodet meiner at ein rett til rettleiing og til å uttale seg om bruk av tvang bør inn i lova, slik at dei kan delta aktivt mellom anna i å drøfte korleis ei eventuell framtidig inngripen med tvang kan gå føre seg.
- b. Paragrafen bør gjelde for alle under 18 år. Alle mindreårige er sårbare, og har derfor behov for særlege vilkår for bruk av tvang. Barneombodet meiner det ikkje bør vere noka aldersgrense for når andre skal kunne ta ei avgjerd om bruk av tvang mot barnet. Lovheimelen bør heller slå fast at dette skal vere basert på ein konkret vurdering av alderen til barnet, mogning, sjukdommen eller utfordringane til det einskilde barnet. Mange barn vil frå ung alder vere i stand til å ta del i ei avgjerd om bruk av tvang, eventuelt kva metode som skal brukast. For andre vil det vere nødvendig at andre tek avgjerda, eller at dei får mykje støtte til å ta ei avgjerd om bruk av tvang, sjølv om dei er nær myndighetsalder. Krav om ein slik konkret vurdering forutsett at man har planlagt godt med barn og foreldre i forkant korleis ein skal handsame tvangssituasjonar.
- c. Det bør innførast eit forbod mot bruk av mekaniske tvangsmiddel overfor mindreårige. Forsking som utvalet gjer greie for i utgreiinga, syner at ein kan unngå bruk av slike inngripande tiltak mot barn og unge. Utvalet kjem sjølv med forslag om å avskaffe mekaniske tvangsmiddel innan tre år. Barneombodet meiner at innan lova blir vedteken, må det vere på plass tilstrekkelege førebyggjande og alternative tiltak.

5.2. Særleg inngripande tiltak, kortvarig fasthalding

Dersom departementet likevel ikkje å ønskjer innføre ein særleg regel for barn, vil vi knytte nokre kommentarar til mellom anna omgrepet «særleg inngripande tiltak.»

⁴ Grenseløs omsorg. Om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern. Barneombudets fagrapport 2015

Barneombodet meiner at formuleringa om «særleg inngripande tiltak» er uheldig, og ikkje bør inn i lova slik forslaget er utforma i dag. Det vert mellom anna nytta på fleire stader i lovforslaget, med noko ulikt innhald. Dette bidreg til at lovforslaget vert unødig komplisert for dei som skal ta avgjerder, og det vert ei vurdering basert på skjøn som ikkje er heldig for barn og unge.

Utvalet kommenterer vidare § 4-3⁵, med mellom anna å gjere eit forsøk på å avklare at «kortvarig fasthalding» ikkje kan reknast som eit særleg inngripande tiltak. Dei viser til lova om psykisk helsevern § 4-8, andre ledd, bokstav d.

Barneombodet er ikkje einig i at omgrepet og tiltaket «kortvarig fasthalding» er avklart nok til at dei som bruker lova sikrar barnerettane på ein god måte. Erfaringane våre frå prosjektet «Grenseløs omsorg»⁶ syner at kortvarig fasthalding er det tvangstiltaket som oftast blir brukt. Nokre av ungdommane vi snakka med i prosjektet, hadde ei klår oppleving av at halding var særleg inngripande.⁷ Trass i betydeleg bruk av kortvarig fasthalding i psykisk helsevern, har det vore lite debatt om kva utfordringar som kan vere knytt til denne forma for tvang.

Menneskerettane krev både at den tvangen som vert utøvd er mogleg å føreseie, og at det skal vere vurdert om tvang er strengt nødvendig. Dei tilsette bør derfor vere svært bevisste på kva kortvarig fasthalding er. I møter med tilsette på institusjonar erfarte vi at institusjonane definerer kortvarig fasthalding ulikt.

Barneombodet er uroleg for om variasjonane i bruk av tvang er teikn på at det nokre stader blir brukt overdriven bruk av tvang mot barn. Ein slik ulik praksis kan vere eit teikn på at rettssikkerheita til barna ikkje er godt nok vareteken. Vi meiner difor det er nødvendig at departementet presiserer kva som er kortvarig fasthalding, og når ein når grensa for «særleg inngripande» tiltak.

5.3. Særleg omfattande vrangførestillingar om eigen kropp

Eit anna omgrep som trengst avklarast meir nøyaktig, er «særleg omfattande vrangførestillingar om eigen kropp» (§ 6-12). Utvalet viser til Høgsterett si presisering av kva dei meiner er «alvorleg sinnsliding» når dette skal tolkast. Barneombodet meiner det er nødvendig å presisere i lova kva dette omgrepet betyr.

Vi meiner det er viktig å hugse på at dei tilsette i helse- og omsorgstenesta oftast ikkje har juridisk kompetanse. Dei har heller ikkje tid til å lese forarbeid og merknadar til lova, og nokre har heller ikkje kunnskap om at dei bør lese dette.

6. Barn sin rett til å medverke og å bli høyrt – også gjennom tilgang til å klage

6.1. Rett til å bli høyrt uavhengig av alder

Retten til å bli høyrt og å medverke i si eiga behandling er framheva fleire stader i lovforslaget. Dette gjeld også for barn og unge. Utvalet har på ein god måte gjort det synleg i lovforslaget at barn har særleg rett til medverknad.

⁵ NOU 2019:14, side 725

⁶ Grenseløs omsorg. Om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern. Barneombudets fagrapport 2015

⁷ Grenseløs omsorg. Om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern. Barneombudets fagrapport 2015, side 25

Barneombodet er likevel ikkje nøgd med at utvalet ikkje har grunngeve tilfredsstillande kvifor dei har brukt aldersgrenser i lovforslaget. Å gi ein eksakt alder i lova kan bidra til å forvirre og i verste fall danne ein presumsjon om at barn under dei nemnde aldrane ikkje er i stand til å danne seg egne synspunkt.

FNs barnekomité stadfestar at formuleringa i artikkel 12 «i stand til å danne seg egne synspunkt» ikkje skal sjåast som ei avgrensing, men som ein plikt for partane til å vurdere evna til barnet til å danne seg ein sjølvstendig oppfatning, i den grad det er mogleg. Dette betyr at partane ikkje berre kan anta at eit barn ikkje er i stand til å gje uttrykk for sine egne meiningar. Tvert i mot så skal partane gå ut frå at barnet evner å danne egne synspunkt, og erkjenne at han eller ho har rett til å gje uttrykk for desse synspunkta. Det skal ikkje vere opp til barnet å først bevisse at det har denne evna⁸.

Komiteen understrekar vidare at artikkel 12 ikkje sett noka aldersgrense for retten til å bli høyrte, og dei rår partane til å ikkje innføre slike grenser.⁹

Barneombodet ber om at lovtekst i framtida klart formulerer barn sin rett til å seie meininga si og bli høyrte, uavhengig av alder, basert på ein konkret vurdering av det einskilde barnets mogenskap.

6.2. Rett til å klage på ei avgjerd eller bruk av tvang

I merknadar frå FNs barnekomité anbefaler komiteen Noreg å halde fram med å tilpasse norsk lov til barnekonvensjonen. Det er positivt at utvalet legg opp til at alle skal bli høyrte etter eit tvangsinngrep, og at meininga til barnet skal skrivast i journalen. Det kan likevel synast noko uklart om barn har ein faktisk rett til å klage.

Barneombodet har tidlegare tatt til orde for å leggje til rette for at barn skal kunne klage på bruk av tvang på ein betre måte.¹⁰ Det kan vere mange grunner til at det finst få klager frå barn og unge. Det kan vere mangel på informasjon om moglegheita til å klage, at ordninga er framand, eller at barn ikkje trur det nyttar å klage.

I forslaget § 12-2 kjem det fram at ein kan framsette klager både skriftleg og munnleg. Det kan synast som om utvalet meiner at **alle** har ei rett til å klage, «uavhengig av om personen er avgjerdskompetent.» Om denne retten også gjeld barn, er ikkje klårt i lovforslaget eller kommentarane. Barneombodet meiner barn må ha rett til å klage på ei avgjerd. Om dette skal vere ein reell rett, er det nødvendig med klare retningslinjer for korleis barn skal kunne klage.

God kommunikasjon med barn er avgjerande for å førebyggje bruk av tvang. Barn ønskjer sjølv å vere involvert, mellom anna ved å vere med på å utforme husreglar, medverke til sin eigen behandlingsplan og komme med forslag til korleis vanskelege situasjonar bør handterast. Dei ønskjer også å kunne klage når dei meiner eit tiltak ikkje er rett. Når barn klagar, må det også vere tilgjengeleg kompetanse om barn i nemndene som behandlar klagen.

Barneombodet ber departementet om å sjå nærare på generell kommentar nr. 12. Frå den generelle kommentaren vil vi særleg framheve det å leggje til rette for at barn kan medverke

⁸ Konvensjonene om barnets rettigheter. Generell kommentar nr. 12 (2009), ii, para 20

⁹ Konvensjonene om barnets rettigheter Generelle kommentar nr. 12 (2009), ii, para 21

¹⁰ Grenseløs omsorg. Om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern. Barneombudets fagrapport 2015, side 35

på ein trygg måte. Dette må mellom anna skje gjennom at det er tydeleg i lova at dei kan klage, og korleis dei skal gå fram.

7. Vurdering av det beste for barnet

Det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som vedkjem barn. Dette legg føringar for saksbehandlinga. Utvalet har ikkje tatt inn i lova eller i kommentarane at ein alltid skal vurdere kva som er det beste for barnet etter barnekonvensjonen. Dette meiner vi departementet bør leggje inn som eit krav i lova.

I høyringa til ny barnevernlov¹¹ har vi mellom anna tatt til orde for at lovfestinga av det beste for barnet bør utformast med ei momentliste i lova. Det er fordi det ofte er tvil i praksisfeltet om kva moment og omsyn som skal vere med når dei skal vurdere kva som er det beste for barnet. Generelt ser vi at mange strevar med å gjere gode vurderingar av kva som er det beste for barnet. Fagpersonar oppfattar slike vurderingar som heilt frie og opne. Vi meiner difor det vil vere formålstenleg å gje døme på korleis dei kan gå fram, med konkrete moment.

Kva som er det beste for barnet, heng tett saman med retten barnet har til å bli høyrte. FNs barnekomité har uttalt seg om innhaldet i vurderinga av det beste for barnet i ein generell kommentar.¹² Her kjem det fram at barnekomitéen går ut frå at barnet si eiga mening skal vere ein del av grunnlaget i ei vurdering av det beste for barnet. Der alderen og mogninga til barnet tilseier det, skal forvaltningsorganet alltid innhente meninga til barnet. Dei skal vurdere kva for vekt meninga til barnet bør ha, og dette skal dokumenterast i vedtaket.

Ei vurdering av kva som er det beste for barnet, må ta utgangspunkt i barnet si eiga mening. FNs barnekomité påpeikar at det er vanskeleg å få grep om kva som er til det beste for barnet, utan å spørje barnet sjølv. I tillegg meiner vi det bør gå fram av lova at kva som er det beste for barnet skal dokumenterast skriftleg, for å sikre at ulike omsyn faktisk vert vekta opp mot kvarandre. Eit krav om skriftleggjing vil etter vårt syn kunne bidra til å auke kvaliteten på desse vurderingane.

Barneombudet meiner at eit slikt krav gjennom alle deler av ei lov som handlar om tvang, vil bidra til at rettane til barnet blir betre tatt omsyn til. I lova bør det gå fram at det beste for barnet skal vere eit **grunnleggjande** omsyn i alle handlingar og avgjerder som vedkjem eit barn. Når ein vurderer å bruke tvang, skal det vere det **avgjerande** omsynet.

8. Lova må betre ta omsyn til barn med særlege behov, og ta vare på dei pliktene som følgjer av menneskerettane

Barneombudet er bekymra for at lovforslaget ikkje godt nok tek omsyn til rettane til barn med særlege behov. Dette gjeld mellom anna barn med utviklingshemmingar. Desse får i stor grad tilbodet sitt i kommunane.

Vi er mellom anna bekymra for at kravet til kompetanse hos dei tilsette ikkje blir vidareført frå lova slik den er i dag. I dag er desse krava eksplisitt formulert i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m, § 9-9, tredje ledd. Mange barn og unge som får tilbod i barnebustader eller avlastningsbustader, kan i ein del kommunar få tenester av personar utan

¹¹ <https://barneombudet.no/for-voksne/horingssvar/2019-2/forslag-til-ny-barnevernslov/>

¹² FNs konvensjon om barns rettigheter. Generell kommentar nr 14 (2013) om barnets rett til at hans eller hennes beste skal vere et grunnleggende hensyn (art.3, para 1). Pkt V, para 53 og 54

fagutdanning. Når eit vedtak om bruk av tvang er fatta, må det vere krav til kompetanse hos dei som skal gjennomføre tiltaket, ikkje berre til talet på personar.

Barneombodet ber departementet om å vurdere forslaget til utvalet nøye i lys av dei pliktene Noreg har etter menneskerettane, mellom anna barnekonvensjonen og konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Vi meiner at lovforslaget, slik det ligg føre her, ikkje i tilstrekkeleg grad tek vare på dei pliktene som følgjer av menneskerettane.

Venleg helsing

Inga Bejer Engh
barneombod

Morten Hendis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.